



Arkivnr: 2014/8-22  
Saksbehandlar: Lise Ådlandsvik

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkestrafikksikringsutvalet i Hordaland		08.04.2015

### Tilskot til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar 2015

#### Samandrag

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2015 er det sett av 500.000 kroner til denne tilskotsordninga.

Det var motteke tre søknader til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen som var sett til 06.03.15. Det er søkt om tilskot på totalt 600.000 kroner.

#### Forslag til vedtak

1. Bømlø kommune får tildelt tilskot på kr 175.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
2. Lindås kommune får tildelt tilskot på kr 150.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.
3. Tysnes kommune får tildelt tilskot på kr 175.000 kr til utarbeiding av kommunal trafikksikringsplan.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Håkon Rasmussen  
fylkesdirektør samferdsel

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

## Fylkesrådmannen, 11.03.2015

### Bakgrunn

Det er eit ynskje hjå fylkeskommunen at alle kommunane i Hordaland til ei kvar tid har oppdaterte trafikksikringsplanar der det går fram kva for utfordringar kommunen har på trafikksikringsområdet gjennom ulukkesstatistikk og kartleggingsarbeid, saman med konkrete forslag til korleis arbeidet skal følgjast opp både gjennom fysiske og trafikantretta tiltak. I gjeldane handlingsplan for perioden 2014-2017 er det sett av totalt 1 mill kr til dette tiltaket. I budsjettet for 2015 er det sett av 500.000 kroner til denne tilskotsordninga. Tilskotsordninga vart evaluert av Fylkestrafikksikringsutvalet (FTU) 04.02.2015. Ordninga for fungerer bra, og det vart ikkje gjort større endringar. Det er viktig for fylkeskommunen at dei kommunale trafikksikringsplanane omhandlar både haldningsskapande og fysiske trafikksikringstiltak. Nytt etter evalueringa er at det i tildelingsbrevet skal gå fram at fylkeskommunen er høyringspart, og at endeleg plan skal sendast til fylkeskommunen. I tildelingsbrevet vil fylkeskommunen og vise til forslag til mal for trafikksikringsplanar, jf Trafikksikker kommune, som er utarbeidd av Trygg Trafikk.

### Kriteria for tilskotsordninga

- Søknadsfrist ein gong i året. (Frå og med 2016 er denne sett til 15. januar).
- Rett til å søkje: Kommunane i Hordaland.
- Søknader i brevs form. Søknaden skal gje ein oversikt over arbeidet som skal setjast i gang, samt ha med eit budsjettet for å etablere planen, inkludert kostander til evt. konsulenthjelp.
- Tilskotet kan gå til kjøp av konsulentteneste og trykking. Tilskotet kan ikkje gå til bruk av administrative kostnader og driftsutgifter (kommunale ressursar).
- Endeleg plan skal sendast til Hordaland fylkeskommune, og fylkeskommunen er høyringspart.

### Kort om søknadane

Det var motteke tre søknader til utarbeiding av kommunale trafikksikringsplanar innan fristen som var sett til 06.03.15, og det er søkt om tilskot på totalt 600.000 kroner. Alle tre kommunane opplyser i sine søknader at dei skal nytte konsulent i arbeidet med dei nye trafikksikringsplanane.

Bømlo kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er for perioden 2011-2015. Kommunen fekk tilskot gjennom denne ordninga i 2011. Tilskotet var då på 115.000 kroner. Bømlo kommune opplyser i sin søknad at kommunen har vedteke å verte trafikksikker kommune, og at dette skal verte ein viktig del av den nye planen. Bømlo kommune søkjer om tilskot på 250 000 kr.

Lindås kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er for perioden 2010-2022 (kommunedelplan). Det er vedteke at planen skal rullerast kvart 4. år. I søknaden vert opplyst at politikarane skal vere styringsgruppe for arbeidet, medan arbeidsgruppa skal består av både interne og eksterne. Lindås kommune søkjer om tilskot på 150.000 kr.

Tysnes kommune sin gjeldande trafikksikringsplan er for perioden 2001-2004. Planen er ikkje rullert. Kommunen opplyser i sin søknad at det er svært viktig for kommunen at trafikksikringsplanen vert rullert ettersom den er av eldre dato. Tysnes kommune søkjer om tilskot på 200.000 kr.

### Fylkesrådmannen sine kommentarar

Denne tilskotsordninga har fungert godt i dei åra den har eksistert, og frå 2011-2014 er det 21 kommunar som hadde fått stønad til å utarbeide sin kommunale trafikksikringsplan. Ingen av desse kommunane har fått tildelt tilskot på over 200.000 kroner. Det lågast tilskotet som er utbetalt er på 30.000 kroner.

Dei tre søknadane av 2015 er på totalt søknadssum er 600.000 kroner. Fylkesrådmannen vurderer det slik at kostandane for å utarbeide ein trafikksikringsplan er nokolunde den same for alle kommunar. Ikkje minst om det skal nyttast ein konsulent til arbeidet. Totalt sett er det planarbeidet som skal setjast i gang i dei tre kommunane rimeleg likt; Bømlo og Lindås er store kommunar, men har gode planar å byggje på, medan Tysnes kommune er ein mindre kommune, men her vil planarbeidet gjerne krevje meir. Ut frå dette så rår fylkesrådmannen rår til at tilskotssummen vert halde på omlag det same som tidlegare år, og at Lindås får tildelt 150.000 kr slik dei søkjer om, medan kommunane Bømlo og Tysnes får tildelt 175.000 kr kvar.